

# Seilmakeren Doublehanded 2023 – ei analyse


Harald Gjøsæter

Denne analysen er i all hovudsak basert på sporinga av båtane som deltok. Eg deltok ikkje i regattaen denne gongen og har difor ikkje egne opplevingar å byggje på. Eg tek difor atterhald om at eg kan ha feiltolka ulike saker. Når ein spelar om att sporinga i Trac-trac vert båtane som bryt merkt med DNF allereie frå starten av regattaen, så det er ikkje mulig å sjå nøyaktig når dei bryt løpet, og det er difor også vanskeleg å fastslå årsaka til at dei bryt.


Regattaen starta utanfor Askøy Seilsportsenter 27. mai kl 11:00, og løpet var denne gongen lagt mot sør, dvs med runding Ramnsholmane på Sletta og målgang i Raunefjorden. Dette vegvalet var basert på værmeldingane; det var meldt kraftig vind frå sør og så vest, og kraftigare jo lengre nord på vestlandet ein kom. Det var berre 29 påmeldte båtane, kanskje la værmeldingane ein dempar på lysten til å segle hos enkelte.

## Ein disiplinert gjeng


Då starten gjekk var vinden på sør-sørøst, og det bles liten kuling. Biletet til høgre viser startlina i det starten går, og som vi ser er det ein disiplinert gjeng som stiller til start; ingen er over lina. NOR-12545 «Zorro» kryssa lina etter 4 sekund, like ved lo merke, og fekk med det ein «pangstart». NOR-14550 «Yabadoo IV» var neste båt over, etter 14 sekund. Ikkje alle var like klare då skotet gjekk, først etter 2 min og 20 sek var alle båtane komne seg over lina.




Kartet til høgre syner situasjonen 10 min etter start. Båtane gjer god fart, og dei fleste tek sikte på sundet mellom Hetlevik/Follese og Skorpa, medan nokre få slår til babord halsar for å gå vest om Skorpa og Færøya. «Zorro», raskaste båt i feltet og første båt over startlina, har alt fått eit lite forsprang på dei andre, og kryssar med 7-8 knop over grunnen. Men det er NOR-152 «Sefyr-3» som leiar i den største klassen, medan NOR-9341 «X-faktor», som slo tidleg til babord halsar for å gå vest om Skorpa, leiar den minste klassen.



Etter ein halv time har båtane alt passert Skorpa og mange også Færøya. Vi ser også at den sterke vinden alt har fått konsekvensar, to båtar har alt brote regattaen og er på veg mot hhv, Seilsportsenteret og heimehamna si med skade på segl og utstyr. Dei skulle diverre få følge av mange fleire etter kvart. Vi ser også at X-aktor har segla lurt i sitt vestlege spor og leiar minste klassen, medan Zorro har overteke førsteplassen i største klassen.




Etter ein times segling var situasjonen som synt på biletet til høgre; alle som framleis var med, låg i sør delen av Hjeltefjorden-Byfjorden og omtrent halvparten av båtane hadde passert Sotrabraua. Zorro dreg frå og har framleis førsteplassen i den største klassen. NOR-16034 «Eureka», ein JPK 1030, har overteke leiinga i minste klassen medan X-faktor er på andre plass. Så langt i løpet er det ingen vegval å ta, så seglarane var nok mest opptekne av å tilpasse seglføringa til vinden, og å få slaga til å sitje som dei skulle i det tronge farvatnet.




## Vegval

Eit kvarters tid seinare måtte dei første båtane gjera sitt første av mange vegval på turen; aust (Vatlestraumen), eller vest (Kobbeleia) for Bjørøy. Her var båtane temmeleg samstemte, det vart Kobbeleia i år. Tre båtar gjekk Vatlestraumen, men dei to første av desse, Yabadoo-IV og NOR-13509 «Trass» hadde alt brote løpet og gjekk til heimehamna si i Bergen Seilforening. Berre ein båt som vart med vidare i løpet, NOR-13059 «Stormen» gjekk denne leia. Endå to båtar braut regattaen på dette stadiet; NOR-11073 «Marild» og NOR-14865 «Vito-4» søkte hamn før båtane kom ut i Korsfjorden.

Komne på Korsfjorden måtte det første viktige vegvalet takast. På biletet til høgre, teke etter 3 1/2 time, ser vi at Zorro har valt å gå gjennom Austevoll, og er alt komen til Hundvåkosen, medan resten av feltet framleis er i Lerøyosen eller i nordre delen av Korsfjorden. Dei alle fleste valde å gå i kjølstripa til Zorro gjennom Austevoll, men to båtar skilde seg ut og sette kursen utover mot Marsteinen; NOR-35 «Sval» (X-41) og NOR-13935 «Stormen» (Hanse-32). «When the going gets tough, only the tough gets going». Sval var nummer 7 i største klassen og Stormen nr 7 i minste klassen då dei skilde lag med dei som gjekk gjennom Austevoll. Medan Sval «tok det heilt ut» og gjekk langt vest i havet, stakk Stormen seg inn Bakkasundet og slo så lag med dei andre Austevollsbåtane vidare sørover. Fekk desse to betalt for sine vestlege vegval? Då Stormen kom saman med dei andre ved Lunnøya før



Stolmasundet var båten oppe på ein fjerdeplass i klassen, så Bakkasundet var tydelegvis eit smart val. Sval gjekk langt ut på sin babordhals, då dei endeleg slo var dei nesten 10 km utanfor Austevoll, og låg på ein 8. plass i klassen. Dette er vist på biletet under, som viser situasjonen etter fem timar og tre kvarter. Denne turen i berg- og -dalbanen hadde altså så langt ikkje kasta noko av seg i form av betra plassering. Skipperen på Sval har seinare fortalt at det var ein heller ubehageleg tur; dei måtte surra seg godt fast for å bli verande om bord. Men dei hadde ein plan: På værbriefinga før regattaen vart det nemleg spådd at det skulle koma ei vinddreining om lag kl. 17 og dei hadde bestemt seg for å prøva å få mest mulig ut av denne vinddreininga ved å gå vest til dreininga kom, og så slå seg inn mot kysten att. Denne planen viste seg å vera god; vinddreininga kom ca kl 17, og i løpet av dei neste tre timane forbetra Sval sin posisjon frå 8. til 2. plass i klassen! Men før den tid skjedde det mykje også lengre bak i feltet.



Etter om lag 6 timar var fronten av feltet (når ein ser bort frå Zorro og Sval, som allereie var på veg vest av Bømlo) komne gjennom Stolmasundet, og måtte ta stilling til vidare seglas. Skulle dei gå vest eller aust av

Bømlo? Stokksundet var sikkert eit freistande alternativ, der det var rikeleg med vind og langt mindre sjø enn på havet vest av Bømlo. Men langt frå alle valde komfortsonen, feltet delte seg omtrent i to; åtte båtar gjekk inn Nyleia og ni tok sikte på vestsida av Bømlo. Etter ni timars seglas ser vi denne situasjonen illustrert på biletet på neste side.



For å analysere korleis dette vegvalet slo ut på resultatlista må vi nesten sjå på kvar klasse for seg. Om vi først ser på dei minste båtane, så var det, som venta, ei overvekt av desse som valde Nyleia/Stokksundet. Av dei sju båtane som framleis segla i denne klassen gjekk nr 1 og 2 og 4 inn, (saman med to båtar som seinare braut løpet) medan nr 3, 5, 6 og 7 gjekk ut. Då dei møttes sør for Bømlo, hadde ikkje rekkefølgja endra seg mykje; dei to som låg i tet då dei gjekk inn i Nyleia var framleis nr 1 og 2. Men ein av båtane som gjekk Stokksundet, han som var nummer 4, fekk tydelegvis eit eller anna problem der inne, for rett nord av Stokkbleikene lykt, etter at dei hadde kome seg opp på ein tredjeplass, rasa dei plutselig ned til ein 7 plass i klassen, og tapte to nautiske

mil distanse til dei to i leiinga. Men om ikkje rekkefølga endra seg så mykje for dei andre båtane, så var det nok likevel ein fordel å gå ut. Til dømes X-faktor og Vandal, som låg om lag 6 mil etter leiarbåten i det dei skilde lag nord for Bømlo, hadde kutta kraftig ned på forspranget då dei møttes sør for Bømlahuk, til knappe 2 nautiske mil. Konklusjonen blir at for båtane i den minste klassen svara det seg å gå til havs på turen sør.

Kva så med dei store båtane? Her gjekk tre båtar inn mot Stokksundet, medan dei andre fem gjekk til havs. Dei som gjekk inn, låg som nummer 2, 3, og 4 på rankinga då dei skilde lag. Omtrent midtvegs i Stokksundet hadde dette endra seg til nummer 3, 4, og 5, og avstanden til leiarbåten hadde auka ein del. Då desse tre hadde passert Moster, var dei blitt til nr 5, 6, og 7, og før runding til nr 6, 7, og 8. Dei hadde også tapt om lag 7 nautiske mil distanse til Zorro, som heile tida hadde lege i tet. Konklusjonen må også for denne klassen bli at det svara seg stort å gå på vestsida av Bømlo på veg sør.

Om lag kl 20:45 runda Zorro Ramsholmane som første båt, og tok fatt på returen, også denne på vestsida av Bømlo. Vinden hadde vel roa seg ein god del, og dreidd noko vest på dette tidspunktet. Dei fekk følgje av alle båtane i den største klassen og alle med unnatak av ein båt i minste klassen. Berre Maxi-1050 «Sitaren» valde å gå inn Bømlafjorden og nord Stokksundet. Dette skulle visa seg å vera eit uheldig vegval; etter noko over 18 timars seglas, i Hatlevikesundet i Nyleia, var det full stopp, og der braut denne båten løpet. På det tidspunktet låg dei også svært langt etter dei andre båtane, som hadde gått vest om Bømlo. Om det var berre mangel på vind, sterk motstraum, eller ein kombinasjon av desse faktorane som sette ein stoppar for denne båten, veit eg ikkje. Men om det var dette siste, så er dei langt frå den første båten som har måtta gi opp å forsera dette sundet når nattestille og motstraum slår inn samstundes.

For båtane som valde å gå havet på returen var det «trikkekøyring» til Selbjørnsfjorden, men det var ulike strategiar når det så kom til enten å gå inn Stolmasundet og gjennom Austevoll, eller å gå vest også om Austevoll. Omtrent halvparten av båtane gjekk inn og halvparten ut. Om vi først ser på dei minste båtane, så viser biletet til høgre situasjonen etter 17 timars segling. Særleg vart det dramatisk mellom dei to JPK-1030-båtane i front; Avanti og Eureka. Avanti (den svarte båten på biletet) gjekk inn Stolmasundet med et par mils leiing på Eureka, som gjekk ute (den raude båten). Men då Avanti kom opp i Hundvåkosen, gjekk farten ned, medan Eureka gjekk fortare den ytre leia. Komne på Korsfjorden, hadde plutselig situasjonen



snudd seg; og Eureka hadde fått ei leing på knapt ei mil. Men dramatikken var ikkje over. Det verkar som Eureka segla seg inn i eit vindhol ved Kleppholmen like før mållina, og Avanti kom attende og gjekk sigrande ut av duellen. Det var elles ikkje så mykje dramattikk i den siste fasen av seglasen for dei andre i denne klassen. Dei fleste gjekk Stolmasundet og Hundvåkosen, bortsett frå Stormen, som til slutt fekk tredjeplasen i klassen, som valde å segla vest om Stolmen og så gjennom Bakkasundet og inn Korsfjorden. Dette ser også ut til å ha vore eit klokt vegval.


I den største klassen gjekk Zorro gjennom Austevoll og Sval utanfor. På biletet til høgre har Zorro alt gått i mål, medan resten av klassen fordeler seg i eller utanfor Austevoll. Sval, som snart er i mål, hadde andreklassen i klassen like til han var i mål, men båtane bak kom fort på slutten og det enda med at Sval enda heilt nede på ein femteplass i klassen. Det ser ikkje ut som om vegvalet gjennom eller utanfor Austevoll hadde så mykje å seie for utfallet i denne klassen heller.

## Konklusjon

Berre åtte av 14 båtar kom i mål i den største klassen, og 7 av 12 i den minste. Medan det i tidlegare utgåver av denne regattaen ofte har vore nattetilla som var årsaka til at båtar braut, var det denne gongen for mykje vind og skadar på rigg og segl som må ta mykje av skulda. Men også denne gongen hadde truleg for lite vind og for mykje motstraum i sunda sitt å seie for

nokre av båtane som braut. Som fleire gonger før, så viste det seg også denne gongen at sjølv om det er «ruskut å leggja utpå», så er ofte det å gå utaskjers ei vinnaroppskrift. Ikkje minst er det meir uforutseieleg kva resultatet blir av å halda seg i fjordane og sunda. I periodar kan det gje store fordelar, men ettersom tilhøva tilsynelatande varierer mykje meir innaskjers enn utaskjers, så kan det plutselig bli ei felle å gå innaskjers, sjølv om det er kortaste vegen frå start til mål.

Det vart ein rask seglas; første båt gjekk i mål etter litt under 16 timars segling, medan siste båt måtte halda det gåande i ca 21 1/2 time. Slitne var dei nok alle, for denne gongen levde Seilmakeren Doublehanded opp til sitt ry som ein skikkeleg mann(og kvinn)domsprøve.



Ramnsholmane, rundingsmerket i Seilmakeren Doublehanded 2023. Foto: Harald Gjøsæter